

PIKSEL PRODUKSJONER LTD
Strandgaten 207
5004 BERGEN

Dato: 05.06.2018
Vår ref.: 2018/956-122
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.:

Att. Gisle Frøysland

Prosjekttilskot; Kunst og kultur - profesjonell - Underretning om tildeling

Vi viser til dykkar søknad om tilskot i ordninga *Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell*, vår 2018. Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 24.05.2018, politisk sak 73/18 vedteke å tildele dykk

kr 24.000,- i tilskot til prosjektet Pikel Kidz Lab 2018 og
kr 30.000,- til prosjektet Live Coding 2018

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 1.mars var det kome inn 109 søknader. Samla søkesum var 4,5 millionar kroner. 48 søkjarar fekk tildelt til saman 817 000 kroner i ordninga.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningsliner.

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken, sjå vedlagt politisk sak 73/18 med vedlegg.

Vilkår for tilskotet - Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggst ved rapport.
- Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.
- Dei som får tilskot til publikasjonar må levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar forvurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format.

Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2018/956-122

Ressursnummer: 12564

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. Vi ber om at de sender inn elektronisk faktura seinast innan september d.å.

Dersom de ikkje har høve til å sende elektronisk faktura i EHF-format, kan de sende e-post til hfk@hfk.no der de stadfester at prosjektet går som skissert i søknaden, og at de aksepterer tilskotet med dei føringane som ligg føre. Merk e-posten med saksnummer 2018/956. Det kan då ordnast med alternativ utbetaling.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt, og eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering/rekneskap

Rapporten skal sendast til hfk@hfk.no **merka med saksnummer 2018/956** innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

- Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.
- Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
- Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving

Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka *Klage – 2018/956*. Klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B. Skaar
utviklinssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

1 Prosjekttilskot: kunst og kultur - profesjonell. Tildelingar vår 2018

- 2 Prosjektilskot: kunst og kultur - profesjonell. Tildelingar vår 2018 - vedlegg med fylkesrådmannen sine kommentarar